

Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening

Org.nr. 914 203 805

5745 Aurland

Aurland, 23. september 2014

Til Sogn og Fjordane fylkeskommune  
ved fylkesrådmann Tore Eriksen  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

Til orientering

Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening vart skipa 9. september 2014 i Aurland.  
Foreninga sit føremål er:

*«Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening er ein ideell medlemsorganisasjon.*

*Føremålet med Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening er å sikre at SJH held fram med å vera ein skule med undervisning i økologisk landbruk og eit kunnskapscenter for berekraftig næringsutvikling.*

*Føremålet skal mellom anna oppfyllest ved at det vert reist kapital til naudsynte investeringar i bygg og anlegg.»*

Vi set no i gang eit arbeid med å skaffe kapital med mål om å raskt kunne bli medstiftar i lag med Aurland kommune og evt. andre aktørar. Målsetting med å opprette ei stifting er å røyse nok kapital til å finansiere det som pr. dags dato ikkje finst finansiering på til nødvendige nybygg ved Sogn Jord- og Hagebruksskule.

Vi ser at behovet for kapital er ca. 12 millionar kroner som manglar for at byggesteg ein kan realiserast. Dette har vi mål om å klare å røyse.

Vi håpar at fylkeskommunen sitt arbeid med å skaffe eksterne midlar til utbygginga fører fram. Som formålsparagrafen vår seier så vil vi sikre at SJH held fram med å vera ein skule med undervisning i økologisk landbruk og eit kunnskapscenter for berekraftig næringsutvikling.

Med helsing

Styret Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening

  
Aud Slettehaug

  
Janicke Hoel

  
Grethe Vikesland